

## Referat styringsgruppemøte 5. desember 2017 i Kristiansand, for GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylkeiane.

Møtestad: Haven, Fylkeshuset i Kristiansand. Møtet varte frå kl. 12.15 til kl. 16.00

### Desse møtte:

Tor Punsvik	Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder (FMAV)
Olav Strand	NINA
Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør
Kåre Paulsen	Statkraft
Jørn Haug	SVR
Sigrid Bjørgum	Bykle kommune
Arne Heggland	Statens Vegvesen
Reidar Sandal	SNO
Lars Arne Bay	prosjektmedarbeidar
Kjell Helle Olsen	Stavanger Turistforening
Per Ketil Omholt	FMAV
Øystein Kristensen	Aust-Agder FK
Tommy Vatslid	Villreinnemnda for Setesdalområdet
Knut Nomeland	Setesdal Ryfylke villreinlag
Per Øyvind Grimsby	Sira Kvina kraftselskap

### Velkomst, kort oppsummering av prosjektet og mål for dagen

*Kåre ynskte velkommen og fortalte om dagens agenda.*

#### Sak 1) Økonomi og status

Lena orienterte kort om økonomien i prosjektet. Det er totalt kome inn kr 895.000,- frå ulike bidragsytarar i 2017. Det er ikkje ført nokon utgifter på prosjektet så langt i år, men prosjektet bidreg inn i Renewable Reindeer-prosjektet med kr 500.000,- også i 2017. Det vil seie at det er disponibelt totalt kr 395.000,- til sluttrapporteringsarbeidet. I tillegg kunne Tor Punsvik opplyse om at det er sendt ein førespurnad frå Villreinnemnda for Setesdalsområdet til Miljødirektoratet om å overføre restmidlar på deira budsjett til dette prosjektet. Det er snakk om midlar som også vil bli bruka direkte til dette avsluttande arbeidet, og med overføringa forutsett villreinnemnda at dei bidreg til at tre lokale møte (Agderfylka og Rogaland) om prosjektet haldast i samarbeid med Setesdal Ryfylke villreinlag. Desse tala vil bli gjennomgått igjen mot slutten av året og endeleg rekneskap og budsjett for sluttrapportarbeidet kjem i årsmeldinga frå NVS i februar 2018.

#### Sak 2) Innleiande kommentar til arbeidet mot sluttrapport:

Olav innleidde litt om statusen for RenRein-prosjektet der SR-prosjektet bidreg med ca. 30% av budsjettet til for analysearbeidet.

RenRein-prosjektet er sterkt forsinka og vil ikkje bli ferdigstilt før tidlegast i 2020. Ein drøftar likevel moglegheitene for å ha eit samarbeidsmøte mellom RenRein-prosjektet og denne styringsgruppa i løpet av våren (truleg april) 2018. Arbeidsgruppene må difor ha levert sine oppsummeringar til Olav i god tid før dette (februar-mars). Den siste arbeidspakka (med formidling av resultat og data) i RenRein er ikkje aktuell før mot prosjektets slutt i 2020.

Data som er samla inn i dette prosjektet og som ein kan sluttrapportere på no er:

- Alle GPS-data
- Bestandsdata med særleg fokus på bestandsvekst og moglege effektar på kondisjon.
- Ferdelsdata
- Teljingar som har blitt gjort (alle data som er samla inn i arbeidsgruppene må ferdigstillast og bør leverast snarast råd!).

Vedr datainnsamling;

- SNO skal overføre sine data frå feltdagbøker til Artsobservasjoner eller «sett-rein» database.
- Alt av data og oppsummering må vera levert NINA innan utgangen av mars.
- Til det siste har SVV ei utfordring med å levere alle vegtrafikkdata for 2017 før våren 2018, men det skal gå greitt med tanke på rapporteringa. Alternativt kan det vera at SNO kan hjelpe med å få henta ut desse data tidlegare.

Vedr anbefalingar for avbøtande tiltak innom nedbørsområde og tilhøyrande revisjonar:

- NINA ser på ei moglegheit for å ev. kunne kople saman habitatseleksjonsmodellane og kart over nedbørsfelt for å finne kva nedbørsfelt/konsesjon som dekker ulike funksjonsområde, kritiske trekkområde osv for reinen. Dette kan vera eit viktig kunnskapsgrunnlag for å sjå heile villreinområdet under eitt og å prioritere tiltak i revisjonsarbeida. Dette jobbar verneområdeforvaltarane og verneområdestyret i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane aktivt med, jf notat sendt til NVE frå SVR om å sjå på alle inngrep i villreinområdet samla i samband med revisjonane, jfr. vedlegg.

Forslag til format på sluttrapport/rapportering:

- NINA Rapport
- Seminar og presentasjonar lokalt
- Digital formidling
- I 2011 blei det laga ein utvida pdf, dette kan ein eventuelt også gjera ein ny og oppdatert variant av i denne omgangen.

### Sak 3) Presentasjonar frå arbeidsgruppene:

Alle arbeidsgruppene orientera styringsgruppa om kva som var gjort av arbeid sidan sist.

#### Arbeidsgruppe 1 ved Lars Arne Bay og Per Ketil Omholt:

Ferdsel (presentasjon frå Vegard Gundersen):

Teljingar 2017: Fleire teljepunkt i området rundt turisthytta Storsteinen, i perioden 12. juli til 11. oktober. Lars Arne gjekk igjennom lysark som viste resultatene frå kvar av teljarane. Han viste også tal frå utleiehyttene til Statskog, samt det arbeidet som Siri Bøthun har gjort med å samanstille all menneskeleg aktivitet innom eit visst område til RenRein-prosjektet.

Dette er det arbeidet som er gjennomført i 2017 av Arbeidsgruppe 1).

På oppdrag for Verneområdestyret har også NINA gjennomført ei spørjeundersøking på Kjerag.

Per Ketil tok ein gjennomgang av dei områda arbeidsgruppa har spela inn at dei ynskjer analysar på (som kom fram under samlinga på Bjåen). Vidare orienterte han om eit innspel (vedlagt) frå

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

Villreinlaget og Statskog ved Kristian Eiken Olsen og Kurt Gjerstad som blei sendt 04.12.17 til nemnda, Fylkesmannen, styringsgruppeleiar, NINA og NVS. Dette innspelet handlar om nattestenging av Brokke-Suleskardvegen og flytting av Øyuvsbu med tilhøyrande løypenett, med eit heilskapleg perspektiv.

Dette er eit godt gjennomarbeidd innspel som på same måten som tankar frå Verneområdestyret og andre aktørar, vil bli diskutert i eit eige arbeidsmøte gjennom RenRein-prosjektet (vår 2018). Her vil alle aktuelle aktørar bli invitert til å delta og bidra til å lande ei endeleg prioriteringsliste for kva tiltak ein ynskjer å få modellert i RenRein.

Innspelet vil bli vidaresendt til Jørn Thommassen i NINA slik at dette kjem med som innspel til simuleringar. Det vil også bli sendt ei anbefaling til prosjektleiinga i RenRein-prosjektet om at desse aktørane blir invitert med i arbeidsmøtet der dei ulike tiltaka skal diskuterast opp mot kvarandre.

Det blei ein diskusjon omkring trongen for analysar og detaljeringsgraden ein vil få i simuleringverktøyet i modellane. Ynskje frå forvaltinga og bidragsytarane er så høg detaljeringsgrad som råd, medan datasetta og modellane vil ha nokon avgrensingar i forhold til kva detaljnivå ein kan oppnå.

### **Arbeidsgruppe 2 ved Arne Heggland:**

Trafikkdata: Ein har hatt trafikktejingar langs Brokke-Suleskardvegen også i 2017, for å supplere dei data ein har frå 2013 og 2014.

Det har stått ute eit teljepunkt ved Flåvann fram til august, samt ny teljar ved sørenden av Rosskrepp som ein dessverre ikkje fekk inn før vegen blei stengt.

Årsdøgntrafikken (ÅDT) på Brokke-Suleskard i 2017 er på 673 køyretøy (utan mc), mot 729 og 824 i hhv 2013 og 2014.

Det er relativt god representativitet i data; dei samsvarar relativt godt mellom år, sjølv om 2014 har ein del høgare tal enn dei andre to åra. Data visast fordelt på dato og vekennummer, samt gjennom døgnnet.

Nattestid er det ca 3-4 bilar per time, mot +/- 60 på dagtid, med størst trafikk på ettermiddagen.

Fordelinga på vekedagar (gjennomsnitt) viser størst trafikk fredag og søndag.

Resten av datasettet vil bli henta ut frå den siste teljaren til våren når vegen opnar att, ev. i løpet av vinteren med hjelp frå SNO.

### **Arbeidsgruppe 3 ved Tor Punsvik:**

Denne arbeidsgruppa har ikkje hatt nokon samling sidan det førre møtet i juni 2016.

Arbeidsgruppa må samanstille dei siste data ein har frå teljingar og jakt. I tillegg må arbeidsgruppa reise nokon aktuelle spørsmål for den framtidige forvaltinga, samt identifisere aktuelle barrierar og korridorar.

Det vil truleg vera naudsynt å samle arbeidsgruppa ein siste runde før innsending av resultatata til NINA. Her er det også eit spørsmål om ein kan endre leiar frå Kristian Steine (representant frå villreinlaget som no er ute) til Kristian Eiken Olsen (Statskog) som er ny leiar i villreinlaget.

Styringsgruppa er positive til dette.

## **Sak 4) Innhaldet i sluttrapporten ved Olav:**

Olav opna opp for ein støre diskusjon om formatet på sluttrapporten, etter innspela innleiingsvis i møtet. Ynskjer styringsgruppa at ein skal skrive ein rapport i tradisjonell form i 2018 og få vidare analyserapportering gjennom RenRein-prosjektet i 2020? Eller skal ein jobbe med andre ting med ein ventar på denne?

Ved val av tradisjonell form på sluttrapport no, hadde Olav forslag til fylgjande form på rapportinnhaldet:

- Innleiing:
  - o Mandat
  - o Forholdet til RenRein
  - o Mål
  - o Styringsgruppa
- Metodar:
  - o Arbeidsform
  - o Datainnsamling (GPS, kondisjon, teljingar)
- Resultat:
  - o GPS-data – fokusområde
  - o Bestandsutvikling
  - o Kondisjon
  - o Teljingar i dei ulike områda
  - o Resultat frå seminara
  - o Forslag til avbøtande tiltak; utfordringar – ansvar – konflikhtar/avgrensingar

#### Diskusjon:

Det som er samla inn i prosjektet er offentlege data som må vera tilgjengelege for bruk i vente på ein sluttrapport, for eksempel på [www.villrein.no](http://www.villrein.no). Det kom innspel om at ein ynskjer at rapporteringa må vera ei klar bestilling til RenRein-arbeidet. Det er viktig at denne bestillinga er tydeleg og konkret med tanke på at resultatata frå dette prosjektet vil vera direkte relevant i samband med pålegg ved vilkårsrevisjonar osv. Tanken frå NINA er at ein skal konkretisere og spisse desse innspela i eit eige møte (som nemnt over) på vårparten, der ein jobbar igjennom dei ulike fokusområda. Arbeidsgruppenes arbeid er tre modular som ein kanskje bør skrive eit kortfatta samandrag på, med deira mandat, samansetting, datainnsamlingar og anbefalingar.

Det er ein del ting rundt oss som kan vera avgjerande for det vidare villreinarbeidet i Setesdal Vesthei:

- Kvalitetsnorm for villrein som skal vedtakast i løpet av 2018: Vil truleg medføre bestillingar frå Miljødirektoratet på bestandsdata m.m.
- Revisjonsprosessar i ulike område
- Avslutningsarbeidet i RenRein-prosjektet
- Nytt villreinprosjekt på Setesdal-Austhei
- Verdiskapingsprosjekt i regi av SVR
- Satsing på digital formidling ved NVS

Olav hadde følgjande forslag til plan for formidling av resultatata:

- NINA Rapport
- Sluttseminar
- Lokale møte ( min. 3 stk)
- Formidling av data over ei dynamisk digital plattform, gjennom NVS.

Olav orienterte litt meir om temaet digital formidling og viste nokre døme.

Dette er no eit viktig satsingsområde for NVS. Det skal gjerast eit støre arbeide på dette i samarbeid med verdiskapingsprosjekt i SVR og Forollhogna. Ein tanke frå NVS ved digital formidling er å bruke data som lesast frå nett til t.d. skjermar som står ved infopunkt m.m. Desse skjermene er fjernstyrte frå NVS og gjer det rimeleg å produsere samt revidere. Olav viste nokon døme på korleis slike digitale

kartforteljingar kan byggast opp og fortelje om kva prosjektet har gjort, kva prosjektet gjev av anbefalingar til forvaltinga m.m.

### **Diskusjon og avslutning:**

Møtet blei avrunda med ein avsluttande diskusjon om kva veg går me med tanke på sluttrapport?

Kva form skal denne ha?

Konklusjonen blei at ein sluttrapport «light» som inneheld bestillinga til RenRein, er viktig for bidragsytarane. Det blei drøfta om ei kartforteljing var aktuell som erstatning for eller eventuelt som tillegg til dette. Styringsgruppa landa på at dei ynskjer ein kortfatta sluttrapport som summerer opp mandatet, forholdet til RenRein, kva som er gjort, arbeidsgruppene arbeid og konklusjonar, samt ei klar bestilling simuleringar i RenRein-prosjektet som konklusjon. Men dei vil gjerne at det utarbeidast ei kartforteljing om Setesdal Vesthei også.

Framdrift:

- Arbeidsmøte i RenRein om simuleringane i april, eitt med statsvitar Audun Ruud i NINA om rammeverket og regulatoriske forhold samt eit avsluttande styringsgruppemøte der ein godkjenner sluttrapporten, før avslutningsseminaret.
- Rapporten skal vera klar seinhaust 2018 og det skal då haldast eit sluttseminar.
- Styringsgruppa ynskjer også ei kartforteljing om SVR i tillegg. Denne kan truleg byggast i eit samarbeid med Verdiskapingsprosjektet i SVR. NVS legg ein plan for dette.

Skinnarbu 15.12.2017, Lena Romtveit



**Adresseliste** (berre sendt elektronisk):

Medlemmar og varamedlemmar i styringsgruppa:

Statkraft v/ Kåre Paulsen  
Sira Kvina Kraftverk v/ Per Øyvind Grimsby  
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum  
Bygland kommune v/Inge Olav Fjalestad  
Kommunane i sør v/ Oddmund Ljosland (Åseral kommune)  
Sirdal kommune v/Sven Sandvik  
Vinje kommune v/Lasse Mathisen  
Gjesdal kommune v/Gudrun Kristensen  
Suldal kommune v/Gerd Helen Bø  
Valle kommune v/Jon Ødeskaug  
Vest-Agder Fylkeskommune v/Bjørg Hellem  
Aust-Agder Fylkeskommune v/Hans Fløystad  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder v/Tor Punsvik  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder v/Per Ketil Omholt  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder v/ Ørnulf Haraldstad  
Statens Vegvesen v/ Arne Heggland  
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Margit Smeland (leiar)  
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Tommy Vatslid (nestleiar)  
Stavanger Turistforening v/ Kjell Helle Olsen  
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg  
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Kristian Steine (leiar)  
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Knut Nomeland  
Setesdal Ryfylke villreinlag v/ sekretær Svein Olav Stegarud  
Statskog v/Kristian Eiken Olsen  
Verneområdeforvaltarane i SVR v/Jørn Haug  
Verneområdeforvaltarane i SVR v/Alf Odden  
SNO v/ Peter Hermansen  
SNO v/ Reidar Sandal  
NINA v/Olav Strand  
DN v/Vemund Jaren  
Norsk Villreinsenter Sør v/Marianne Singsaas

Andre bidragsytarar:

Lyse produksjon v/Arild Stene  
Otteråens Brugeierforening c/o Otra Kraft v/Gjermund Espetveit  
Hydro v/Uddmund Nybø  
Agder Energi v/Svein Haugland  
Statnett v/Ellen Hoff  
Kvinesdal kommune v/Edgar Vegge  
Åseral kommune v/Øyvin Moltumyr  
Hægebostad kommune v/postmottak

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48



Telemark Fylkeskommune v/Ole Bjørn Bårnes  
Fylkesmannen i Telemark, miljøvernavdelinga v/Morten Johannesen

Kopierte:

Verneområdeforvalterne i SVR og ny leiar  
SNO v/Jon Erling Skåtan  
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/ sekretær Jarle Lunde  
Setesdal Austhei villreinlag v/ sekretær Torleif Homme  
Våmur Roan villreinlag v/ leiar Jan Aarak  
Valle kommune v/postmottak  
Kommunane Odda og Forsand  
Fylkeskommunane i Rogaland og Hordaland

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48